



Kristoffer Ueland kallar seg forkynnar og reiser i område frå Flekkefjord til Sunnhordland.

Norsk Luthersk Misjonssamband har lange tradisjonar i Uskedalen, både på indre- og ytre misjon. I denne veka skipar dei til møteveke på Bedehuset. Forkynnar er Kristoffer Ueland frå Region Sør Vest, det som før var Stavanger og Haugesund krins. Med utdanning frå Bibelskolen Fjelltun i Stavanger og Misjonshøgskulen Fjellhaug i Oslo har Ueland ein solid og grunding bakgrunn i oppgåva i å vera forkynnar i full stilling.

Møte i går kveld samla i underkant av 20 personar frå Uskedalen og Herøysundet. Talen for kvelden var henta frå Johannes evangeliet kap. 16, v. 5 - 15, det som vert omtala som Jesu avskilspreike til læresveinane og om den Andre Talsmannen, det vil sei den Heilage Ande som skal overbevisa menneska om synd, rettferd og domen.

Kristoffer Ueland kjem frå Jørpeland, men bur no på Klepp stasjon på Jæren. Han hadde før jobb som betongarbeidar. 20 år gamal vart han kristen og tok seinare ny utdanning. No er han reisande forkynnar i område frå Flekkefjord til Sunnhordland. Han tek del i møteveker, einskildmøte og andre samlingar. Han har ein bachelor i tema: Teologi og misjon.

Møteveka held fram i kveld med møte på Seimsfoss. Laurdag er det familiemøte i Uskedalen. Møteserien vert avslutta på søndag.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal